



Etiske retningslinjer - Code of Conduct

Vi skal vere den føretrukne leverandør av total- hovud- og utviklingsentrepriser i vårt marknadsområde. Vi skal skape meirverdiar i samspel med leverandørar og kundar. Åsen & Øvrelid as forpliktar oss til å utføre all vår aktivitet på ein ansvarleg og berekraftig måte, med respekt for menneske og miljø.

Kommunikasjon: Alle våre tilsette, samarbeidspartnarar, underentreprenørar, leverandørar og andre interessentar kan gjere seg kjent med Åsen & Øvrelids sine Etiske retningslinjer (Code of Conduct) på våre nettsider.

Opplæring: Åsen & Øvrelid as sørgjer for intern gjennomgang av våre Etiske retningslinjer, for å sikre at våre tilsette, forstår og etterlev retningslinjene.

Sanksjoner: Brot på dei Etiske retningslinjene kan få konsekvensar. Dette kan inkludere disiplinære tiltak, sanksjonar eller opsigelse (tilsette, kontrakt, eller samarbeid.).

Varsling: Tilsette som får mistanke om brot, eller avvik, på etiske retningslinjer skal varsle dette utan ugrunna opphald.

1. Etikk og Integritet

- **Oppførsel:** I vårt arbeid skal vi strekke oss etter å vere ærlige, respektfulle og lojale. Vi forheld oss til sanninga, og held våre løfter utan å villeie andre. Vi behandlar kvarande med verdigheit, og er lojale mot beslutningar som blir tekne. Vi er og lojale mot våre kollegaer og samarbeidspartnarar.
- **Konflikt av interesse:** Vi har nulltoleranse for å utnytte si eiga stilling til personleg vinning. Einkvar situasjon som kan oppfattast som ein konflikt mellom personlege interesser og selskapets beste skal unngåast.
- **Juridisk etterlevelse:** Vi jobbar aktivt i alle våre prosjekt for å overhalde gjeldande lover og regelverk, inkludert openheitslova, arbeidsmiljølova, byggherreforskrifta, internkontrollforskrifta og byggeteknisk forskrift.
- **Korrupsjon og bestikkelsar:** Vi har nulltoleranse for alle former for bestikkelsar og korrupsjonar forbunde med vår aktivitet.

2. Sikkerheit og arbeidsmiljø

- **HMS:** Vi har eit overordna ansvar for å ivareta ein tryggheita på våre prosjekt. Vår målsetting er at ingen skal skade seg på våre prosjekt. Vi har derfor eit godt forankra HMS-system som skal sørge for at HMS-arbeidet er ivaretatt på våre prosjekt. Å tilsette, og UEar, forpliktar seg å følgje gjeldande HMS-reglar og bidra til ein førebyggjande kultur.
- **Arbeidsmiljø:** Vi jobbar aktivt for å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle våre tilsette. I tillegg jobbar vi for at alle som utfører arbeid på våre prosjekt ikkje skal vere offer for «Sosial» dumping, men jobbe under norske minimumssatsar for løns- og arbeidsvilkår.

3. Miljø og berekraft

- **Klimaendringar:** Vi tar klimaendringane på alvor, og jobbar aktivt for å redusere karbonavtrykket (CO2-ekvivalentar) for våre aktivitetar. Vi har ei målsetting om å kunne vere med å påverke BH til å gjere berekraftige val for sitt prosjekt.
- **Forureining:** Vi tar ansvar for å minimere vår miljøpåverknad for vår aktivitet. Vi skal redusere vår avfallsproduksjon, optimalisere energiforbruket vårt, samt velje miljøvenlege produkt og tenester.
- **Avfallshandtering:** Vi skal handtere avfall på ein ansvarleg måte, og arbeidar for å redusere avfallsmengder, og auke sorteringsgrader.
- **Sertifiseringsordningar:** Åsen & Øvrelid as sitt styringssystem er sertifisert iht. ISO:14001, og Miljøfyrtårn. Som følgje av dette skal alle tilsette, leverandørar og samarbeidspartnarar følgje dei retningslinjer og prosedyrer som, følgjer på grunn av dette.

4. Tilsette

- **Lønns- og arbeidsvilkår:** Vi sørgjer for at alle våre tilsette får rettferdig lønn og gode arbeidsvilkår.
- **Arbeidstid:** Vi følger gjeldande arbeidstidsbestemmelsar og unngår overtid som kan gå ut over arbeidstakars helse og velvære.
- **Diskriminering og trakassering:** Vi har nulltoleranse for diskriminering og trakassering, og alle tilsette har rett til å arbeid i eit inkluderande og respektfullt miljø, fritt for diskriminering og trakassering.
- **Mangfald og inkludering:** Vi forpliktar oss til å inkludere alle tilsette, uansett bakgrunn.
- **Utvikling:** Vi investerer i våre tilsette si utvikling og tilbyr moglegheiter for læring og vekst.
- **Ytringsfrihet:** Vi oppmuntrar til open kommunikasjon og gir våre tilsette moglegheit til å uttrykke sine synspunkt utan frykt for represalier.

5. Lønns- og arbeidsvilkår hos aktørar som utfører arbeid på ÅOs prosjekt (UEar og leverandørar) skal:

- Sørge for at alle tilsette får rettferdig lønn og gode arbeidsvilkår.
- Sikre allmengjøringsloven (for utanlandsk arbeidskraft/tilsette).
- UE/Leverandør forpliktar seg til ved oppmoding å legge fram dokumentasjon som stadfester oppfyllelse av rettferdig lønns- og arbeidsvilkår (kopi av arbeidsavtalar/tilsettingskontrakter, lønnslipp og timelister, dokumentasjon på ordna buforhold).

6. Samfunnsansvar

- **Lokalt samfunnsansvar:** Vi engasjerer oss i lokalsamfunnet og støtter lokale initiativer.

7. Informasjonssikkerheit

- **Konfidensialitet:** Vi forpliktar oss å beskytte all konfidensiell informasjon, inkludert informasjon om tilsette, samarbeidspartnarar, kundar, og prosjektinformasjon.
- **IT-sikkerheit:** Vi har eit overordna ansvar for å beskytte våre IT-system mot uautorisert tilgang, misbruk, tap, endring eller uautorisert offentliggjerjing.